

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Roald Kvingedal	FE-231	23/884

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
089/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023

## Kommunale gebyr 2024

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Masfjorden kommune 2024	09.10.2023

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Gebyr for tekniske forvaltningsteneste ,(gebyrregulativ) for 2024 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

#### Heimel

Plan- og bygningslova,  
Matrikkelova,  
Lov om seksjonering,  
Jordlov og konsesjonslov  
Hamne – og farvasslova  
Ureiningslova

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av gjennomsnittet for kommunane i regionen. Dei siste åra har gebyrsatsane i Masfjorden vorte meir normalisert i høve til nabokommunane. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

#### Fakta

Teneste 3010 plansaksbehandling omfattar 0,5 årsverk. Budsjettgrunnlaget for 2024 legg til grunn

lågare aktivitet i form av konsulentbistand i høve 2023 med om lag 0,3 mill.

Teneste 3020 byggjesaksbehandling og eigarseksjonering omfattar 1,2 årsverk, og budsjett 2024 legg til grunn 0,5 mill. i gebyrinntekter, uforandra i høve 2023. Det faktiske inntektsnivået er avhengig av tal saker og saksomfang, og det heftar usikkerheit kring prognosen.

Teneste 3030 kart og oppmåling omfattar 1,2 årsverk, og budsjett 2024 legg til grunn 0,45 mill. i gebyrinntekter, også uforandra i høve 2023. Det faktiske inntektsnivået er avhengig av talet på saker.

Teneste 3290 landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling omfattar 1,0 årsverk, og budsjett 2024 er elles vidareføring av gjeldande nivå. Realiteten i høve til sjølvkost er at det er svært utfordrande å oppnå "sjølvkost" innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker.

Årsakene til dette er at kommunen er avhengig av talet på saker, og at kommunen samtidig ønskjer å påverke busetjinga positivt. Stigninga på gebyrsatsane vert på 4,3% i forhold til 2023.

### **Vurdering**

Det faktiske inntektsnivået er avhengig av talet på saker. Betalingsatsane bør likevel liggje gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland ellers - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbara konsekvensar for busetnad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera store.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at gebyra for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

## **Formannskapet - 089/2023**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Gebyr for tekniske forvaltningsteneste ,(gebyrregulativ) for 2024 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

### **Heimel**

Plan- og bygningslova,

Matrikkellova,

Lov om seksjonering,

Jordlov og konsesjonslov

Hamne – og farvasslova

Ureiningslova

